



Terje Marheim  
Dalstøvegen 86  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1915 - 21/12764

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2021

## Melding om forureining av grunn - gbnr 319/5 Sagstad nedre

**Tiltak:** Utbetring forureining grunn  
**Byggjestad:** Gbnr. 319/5  
**Tiltakshavar:** Terje Marheim

Alver kommune har ved to høve, ein i desember 2020 og ein i februar 2021, motteke bekymringsmeldingar med informasjon om at det ligg hestemøkk og anna avfall på eigedommen din, med adresse Dalstøvegen 86, 5918 Frekhaug.

Det blir meldt om at avrenn av hestemøkk går via ei elv og ned til ei badestrand på Dalstø, og forureinar denne.

Hestemøkk skal lagrast ute i vinterhalvåret på egna stad, som ikkje er utsett for overflateavrenning og med tildekking mot nedbør. Det er viktig at det ikke skjer avrenning fra møkkaugen til vassdrag eller drikkevannskilder. Spesielt viktig er det å hindre at overvann kan renna fritt fra lagerplassen og ned i elv/vatn. Det same gjeld for privat og offentlege badeplassar.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det vert forøvrig vist til administrativt vedtak i sak nr. 344/2018, sjå avsnittet om lagring/spreiing, frå landbruksavdelinga i tidlegare Meland kommune.

Det blir i tillegg meldt om at det står to rustne campingvagnar på eigedommen din, og desse har stått der over lengre tid, og framstår som vrak.

Kommunen reknar rustne campingvagnar på ein grunneigars eigedomen som avfall i forhold til forureiningslova § 27, 1 . ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare campingvognane på eigedomen.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1 . ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forureininga og effekten av iverksatte tiltak

**Frist for tilbakemelding vert sett til 06.04.2021.**

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sender du til:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Terje Marheim

Dalstøvegen 86

5918 FREKHAUG